

## Nødstrøm i landbruket

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark flyttar inn i nytt bygg den 1. desember 2020. I vårt nåverande bygg i Statens Park, Tønsberg har vi eit lite brukt og godt vedlikehaldt nødstrømsaggregat, med særst god kapasitet. Fylkesmannen vil selje aggregatet til ein mjølkebonde eller svinebonde i Vestfold og Telemark. Nærare utgreiing om aggregatet og kjøpsvilkåra finn de under.

### Aggregatet

Fabrikat: Inmesol type IJD - 60 S.nr 089405, produksjonsår 2005. Sjå bilete på side 2

- Spenningsnivå: 230 - 400 V 60 Kva 48 Kw 50 Hz.
- Vekt 1650 Kg. (dim: 1,2 x 3,0 x 1,7 m)
- Styringspanel for "fjern"- styring / start i 220 V.
- 70 kilowatt amper (KWA) =>70\*0,8= 56 KW
- Kapasitet: Tank 200 liter, brukar ca. 0,3 liter i pr. kilowatt. Forbruk ved max last av aggregatet er opp til 20 liter i timen. Tanken held då ca 1,5 døgn.

Aggregatet har kun gått 67 timar. Aggregatet vart i si tid kjøpt brukt frå Tiedemanns tobakksfabrikk, då hadde det gått 10 timar. I tida hjå Fylkesmannen har me vedlikehaldt aggregatet med hjelp frå ein servicebedrift (Energyst). Aggregatet er brukt ved straumavbrot, under øvingar og ved test. Det er køyrd last-test, men kjøpar bør køyre last-test under installasjon.

### Om kjøpsprosessen

Fylkesmannen har fått ei verdivurdering frå Energyst på ein markedspris mellom kr. 50-70 000. I lag med Bondelaget i Vestfold og Telemark tilbyr me mjølkebønder og svinebønder om å by på aggregatet. Det vert ikkje seld under minstepris som er kr 40 000. Ein jury med Bondelaget, Fylkesmannen og Skagerak Nett vil i lag avgjera kven som får tilslaget. Vurderingane me legg til grunn er fylgjande: pris, sårbarheit for produsenten og produksjonskapasitet hjå produsenten. I sårbarheit vil me sjå på kor utsett den einskilde tilbydar er. Kapasitet skal sei noko om at det er ein viss storleik og drift garden. Me vil selja der det gjer mest nytte.

Dato for utlysing er 30. oktober 2020. Bod vert akseptert til kl 1600, 16. november. 2020. Bod skal sendast til [e-post: fmvejsd@fylkesmannen.no](mailto:fmvejsd@fylkesmannen.no).

Det er høve til å sjå på aggregatet etter nærare avtale med seniorrådgivar John Sverre Dahl, hjå Fylkesmannen (48608080). Me legg opp til syning og demonstrasjon kl 1545-1630 torsdag 12. november.

Aggregatet vert seld slik det står og utan nokon garanti . Det inneber at kjøpar sjølv må henta aggregatet. Det kan ikkje hentast før 1. desember. Fylkesmannen vil då kobla frå eksisterande straumutgang og eksosutgang.

Jan Helge Kaiser

Elin Rød

Hilde Walmestad

fylkesberedskapssjef

for Vestfold og Telemark Bondelag

Skagerak Energi

